

Medlemmer av FAU

## **Innkalling til møte i Foreldrerådets arbeidsutval (FAU) ved Nedstrand barne- og ungdomsskule**

Torsdag 18.02.21 kl 18 på Teams

Sak 1/21 Konstituering – korleis gjer vi det med nytt FAU?

Sak 2/21 Status drift, covid19

Sak 3/21 Voss leirskule utsett

Sak 3/21 Eksamensfest, drøfting av alternativ gjennomføring av eksamensfest

Sak 4/21 Alternativ, trygg avslutning til sommaren? Andre arrangement?

Sak 5/21 Eventuelt

Forfall bes meldt snarast.

Mvh Marianne Losnegård

Rektor ved Nedstrand barne- og ungdomsskule

Tlf 52 75 84 00/990 25 881

[marianne.losnegard@tysver.kommune.no](mailto:marianne.losnegard@tysver.kommune.no)

Medlemmer av SU/SMU

## **Innkalling til møte i Samarbeidsutvalet ved Nedstrand barne- og ungdomsskule**

Torsdag 18.02.21 kl.18.45 på Teams

Forfall bes meldt snarast.

Sak 1/21 Ressurssituasjon, rekruttering og bemanning

Sak 2/21 Resultat elev- og foreldreundersøkinga

Sak 3/21 Plan for trygt og godt skulemiljø, i Tysvær og på NBU

Sak 4/21 Fokusområder – deltaking i IBS

Sak 5/21 Eventuelt

Mvh Marianne Losnegård

Rektor ved Nedstrand barne- og ungdomsskule

Tlf 52 75 84 00/990 25 881

[marianne.losnegard@tysver.kommune.no](mailto:marianne.losnegard@tysver.kommune.no)



# **Innkalling til møte i Skulemiljøutvalet (SMU) ved Nedstrand barne- og ungdomsskule**

Det vert med dette kalla inn til møte i SMU. Det er SU som utgjer SMU men det skal sendast ut eiga innkalling og sakliste.

Onsdag 08.01.20 kl 19.00 på NBU

Sak 1/2020 Elevundersøkinga

Sak 3/2020 Eventuelt

Forfall bes meldt snarast.

Mvh Marianne Losnegård

Rektor ved Nedstrand barne- og ungdomsskule

Tlf 52 75 84 00/990 25 881

[marianne.losnegard@tysver.kommune.no](mailto:marianne.losnegard@tysver.kommune.no)

*Dette dokumentet er godkjent elektronisk og krev derfor ingen signatur.*

## Vedlegg 1

Vedlagt ligger høyringsbrev om kommunen si deltaking i MOT-programmet. Levekår sende saka tilbake og ba om at FAU, SU, elevråd, skulehelsetenesta og Utdanningsforbundet vart høyrde i saka før den skal tilbake til politisk behandling.

Ber om at skulane sørger for å vidareformidle høyringa til FAU, SU og elevråda.

Høyringsfrist: 10.01.20

Vennleg helsing  
Liv Jorunn Frønsdal  
**Leder Politisk sekretariat**  
Tysvær kommune  
Tlf. 52 75 70 55 | Mob. 90 94 88 91  
E-post: [lifronsdal@tysver.kommune.no](mailto:lifronsdal@tysver.kommune.no)



### **HØYRING - TYSVÆR KOMMUNE SI DELTAKING I MOTPROGRAMMET**

Viser til vedlagt utkast til politisk sak.

Tysvær kommune inngjekk ein formell samarbeidsavtale med MOT i 2002. MOT er ein ideell organisasjon som gjennom sitt arbeid vil styrke ungdoms robusthet og gjennomføre livsmestringsprogram i skulen.

I 2016 gjennomgjekk programmet ein revisjon og framstår med innsatsområde via tre ulike program som dei tilbyr kommunane. «Robust ungdom» har som mål å utvikle robust ungdom som inkluderer alle. «Kommunen som samfunnsbygger» forankrar MOT på kommunenivå. «Skolen som samfunnsbygger» blir forankra hos rektor og personalet i skulen, ungdommar og foreldre. Kommunen kan ikkje halde fram med det programmet som til no har blitt gjennomført. Endringa i programmet gjer at innsatsen blir annleis og meir omfattande. Kommunen må derfor bestemme seg for om ein vil gå inn i det nye programmet eller om ein skal seie opp avtalen med MOT og sikre innsats på tilsvarande område på andre måtar.

Utkast til politisk sak ligg ved høyringsbrevet. Før saka blir ferdigstilt vil ein høyre kva elevar, foreldre og tilsette i skulane meiner og ta dette med i saka.

Ein ber høyringsinstansane spele inn viktige moment det bør takast omsyn til ved politisk behandling. Saka vil bli lagt fram for ungdomsrådet for uttale før behandling i levekårutvalet.

Svar på høyringa blir å sende til: [post@tysver.kommune.no](mailto:post@tysver.kommune.no) – merk høyringa med saksnr 19/2381

Høyringsfrist er sett til 10.01.20.

Med helsing  
Jorid Vea Isdahl Kommunalsjef Oppvekst og kultur

## **RÅDMANNEN SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK:**

Tysvær kommunestyre vedtar å seie opp avtalen med MOT gjeldande frå 01.01.2020.

Sigurd Eikje rådmann  
Jorid Vea Isdahl Kommunalsjef oppvekst og kultur

### **SAKSUTGREIING:**

#### Bakgrunn

MOT er ein ideell organisasjon som gjennom sitt arbeid vil styrke ungdoms robusthet og gjennomføre livsmestringsprogram i skulen. MOT-programmet legg vekt på systematisk og langsiktig førebyggjande arbeid. Dei har tre verdiar: MOT til å leve, MOT til å bry seg, MOT til å seie nei. MOT har fleire program, mellom anna inngår dei partnerskap med kommunar og skular om utdanning, foredrag og coaching av rektor, personale og ungdommar.

Hausten 1998 blei ungdommane i Tysvær kommune kjent med MOT då undervisningsprogrammet blei starta opp. Den gongen var det Tysvær lensmannskontor som tok i bruk undervisningsprogrammet til MOT som eit verktøy for førebygging. Den gongen var programmet avgrensa til ei økt per år i kvar klasse på ungdomsskulen.

Tysvær kommune inngjekk formell samarbeidsavtale med MOT i 2002 og undervisningsprogrammet blei då drifta i samarbeid med lensmannskontoret fram til 2008. Kommunen overtok då undervisninga åleine. Undervisningsprogrammet har blitt gjennomført med SLT-koordinator som ansvarleg. Frå 2008 til 2017 blei undervisningsprogrammet gjennomført med 2 – 3 undervisningsøktar per år i kvar klasse. I tillegg har nokre få utvalde elevar fått eit kurs der dei blir «utdanna» som rollemodellar for dei andre elevane. Dei har også blitt brukt som ressurspersonar for elevar i overgangen mellom barneskole og ungdomsskole.

I 2016 gjennomgjekk programmet ein revisjon og framstår med innsatsområde via tre ulike program som dei tilbyr kommunane. «Robust ungdom» har som mål å utvikle robust ungdom, som inkluderer alle. «Kommunen som samfunnsbygger» forankrar MOT på kommunenivå. «Skolen som samfunnsbygger» blir forankra hos rektor og personalet i skulen, ungdommar, foreldre med fleire gjennom utdanning, foredrag og rettleiing. Forankringa inneber at det er skulen sjølv som skal rekruttera coachar blant eigene tilsette og det er desse som står for opplæringa av elevane.

Slik programmet framstår no så vil utdanning av personell og ungdom vere betydeleg meir omfattande enn før. Skulen blir meir forplikta gjennom utdanning av rektor og skulen sine egne coachar. Undervisning til klassane blir utvida til 12 øktar i løpet av ungdomsskuletida der 6 av desse er lagt til 8 klassesteg.

Med bakgrunn i endringar i MOT sitt undervisningsprogram er det tid for å vurdere om Tysvær kommune skal halde fram med avtale med MOT-organisasjonen eller om ein skal satsa annleis på folkehelse og livsmestring i skulen. Dette temaet er no ein del av læreplanen i skulen. Skulens læreplanen er endra sidan MOT-programmet blei vald i Tysvær. Folkehelse og livsmestring er no eit faggjennomgripande tema ein er forplikta til å arbeida med i alle fag og emne, på alle steg. Dette er nytt i ny læreplan for grunnskulen.

#### Økonomi

I dette avsnittet blir det gitt ei framstilling av kommunen sine kostnadane med MOT-programmet slik det har vore gjennomført til no og med utvida program med «Skulen som samfunnsbygger».

Gammal modell: Tidsbruk SLT-koordinator: - Undervisning, førebuing, reise 140 timer - Utdanning «Ung motivator» 2 døgn - Bidra sammen med motivatorne i barneskolen 12 timer

Mot coach: - Undervisning og førebuing  
motivator» 2 døgn  
Kostnader: Ca. 115.000 i Mot kontingent

42 lærertimer - Utdanning «Ung

Ny modell

Tidsbruk SLT koordinator: - Undervisning, førebuing, reise 140 timer - Utdanning «Ung motivator» 2 døgn - Bidra sammen med motivatorne i barneskolen 12 timer

MOT coacher: - Undervisning 0,6 årsverk 480 lærertimer Dette dekker coachane si reduserte undervisningstid på skulen. Det dekker ikkje vikar for 6 årsverk til kurs og samlingar for coachar, eller reise med MOT-elevar på samling.

Rektor: - Utdanning 4 dager

Kostnader: kr 116 000,- pr år i 3 års kontrakt. Vanlig pris kr 160 000,- pr år

### Livsmesitring og folkehelse i skulen

Regjeringa sin strategi for god psykisk helse «Mestre hele livet» har som eit av satsingsområda å fremme god psykisk helse hos barn og unge. Ein trygg oppvekst bidrar til å skape ei god og robust psykisk helse og vil bidra til at færre barn og unge kjem i risikosituasjonar kor dei kan utvikle psykiske plager og lidingar. Deltaking og medverknad fremmar helse og livskvalitet. Barnehagen og skulen skal tilby eit omsorgs- og læringsmiljø som er til barns beste. Barn og ungdom skal oppleve trygge og gode miljø som bidrar til å fremme mestring hos elevane og god psykisk helse. Dette omfattar også det psykososiale miljøet, inkludert vennskap, trygge vaksne og førebygging av sosial ekskludering, krenking og mobbing.

Livsmestring og folkehelse er innført som eit av dei tre nye tverrfaglege tema i den nye læreplanen i skulen. Temaet er ein del av overordna del av ny plan og er ein del av læreplanane for fag der det er relevant. Gode helseval er ein del av det å mestre livet. Kunnskap om fysisk og psykisk helse og konsekvensar av livsstil er viktig. For skulane er det naturleg å sjå opplæring i livsmestring i samanheng med utvikling av skulefellesskapet, elevane sitt psykososiale miljø og arbeidet mot mobbing.

Det er viktig at alle lærarar underviser i livsmestring og folkehelse og knytter temaet til flest moglege fag i flest moglege timar. Dei tilsette i skulen skal ha fokus på aktivitet i samsvar med § 9A i opplæringslova som skal sikre at alle barn har eit trygt og inkluderande skulemiljø.

MOT-organisasjonen seier dei har verkemiddel for å realisere formålsparagrafen i opplæringslova, den nye læreplanen sin generelle del og kompetansemål i dei spesifikke læreplanane. Dei utviklar robust ungdom som blir bevisst sitt ansvar om å ta vare på seg sjølv og andre. Ungdom som tar bevisste val kor forskjellar blir akseptert og ungdom gjer kvarandre verdifulle. Programmet «Robust ungdom» og «Skolen som samfunnsbygger» krev at rektor har fokus på MOT som ein viktig del av undervisninga, at skulen har ressurspersonar som sikrar at verdiar og undervisningsplanar blir gjennomført og er gjennomgåande i undervisning i dei fleste fag. MOT må såleis ha ein sentral plass i planlegging av undervisninga for alle fagteam og klassesteg i ungdomsskulen. Mange skular, til dømes Sveio, melder om at «Skolen som samfunnsbygger» har positiv innverknad på læringsmiljøet på skulen og dei er nøgde med samarbeidet med MOT. Dei oppnår det som er intensjonen med MOTprogrammet.

Ungdomsskulane i kommunen melder om at MOT-programmet har fungert godt sidan det blei innført. Det nye MOT-programmet «Skolen som samfunnsbygger» legg opp til meir omfattande og forpliktande skulering og oppfølging for skulane. Rektorane skal vere drivarane i arbeidet og delta på omfattande utdanning, samt å sette av tid til opplæring av to

retteleiarar ved kvar skule som også skal gjennomføre omfattande utdanning. Dette er ressursar som må dekkast av kvar skule, av det ordinære rammetimetalet.

MOT-programmet er eit proaktivt miljøprogram som skal skape eit trygt og godt læringsmiljø. Sett frå skulane sitt perspektiv favnar programmet for smalt med tanke på krav i den nye læreplanen. Nokre få elevar får vere «MOT-elevar» og delta på sosiale samlingar og opplæring, for å vere forbilde og rollemodellar for dei andre elevane. Overordna del i ny læreplan har eit sterkt fokus på folkehelse og livsmestring, og det vil vere naturleg å jobbe med innhaldet i MOT-programmet som ein del av den ordinære opplæringa.

«Evaluering av MOT i ungdomsskulen» (Proba samfunnsanalyse 2010) har målt effekt av MOT når det gjeld trivsel på skulen, haldningar og åtferd knytt til mobbing, haldningar og åtferd knytt til rusmiddel og ungdommen sin sjølvtilitt, optimisme tru på egne krefter og mot. Kort oppsummert viser analyser at MOT har positiv effekt på mobbing, sjølvtilitt/optimisme og trua på egne krefter/mot. Analysen viser tilsvarende svakt positiv effekt på haldningar og åtferd knytt til rusmiddel og eit blanda bilde når det gjeld trivsel, klassemiljø og skulemiljø.

Skulane har etter endring i opplæringslova § 9A auka fokus på å jobbe systematisk med inkluderande og trygt skulemiljø. I tida framover vil ein bruke tilgjengelige ressursar til å styrke dette arbeidet ytterligare og prioritere å få til eit godt system for å avdekke og førebygge krenkelsar og mobbing. Skulane vil ha fokus både på førebygging av mobbing og krenkelsar gjennom arbeidet med livsmestring og folkehelse og på avdekking av mobbing og krenkelsar samt oppfølgande tiltak der mobbing blir avdekka. I rammetimetalet er det lagt ressursar til elevrådskontakt og trivselsleiarkontakt. Ved å styrke innsatsen med trivselsleiar og elevråd så kan skulane sjølv styrke elevengasjementet i arbeidet med livsmestring og folkehelse.

Skulane ønsker ikkje vidare deltaking i MOT, uavhengig av korleis økonomien blir ordna. Skulane ønsker å utvikle det nye temaet livsmestring og folkehelse utan MOT-programmet og meiner innhaldet i programmet blir ivaretatt gjennom dette tverrfaglige temaet i nye læreplanar. Skulane har starta arbeidet med å lage eit felles årshjul for ungdomssteget. Dei vil sjå korleis overordna del i læreplan og fagplanane kan knytast til temaet i eit årshjul. Mellom anna har RVTS Ressurssenter for vold og traumatisk stress) utvikla ein nettressurs til bruk i skulen. LINK (Livsmestring i norske klasserom) er eit rettleingsmaterieil for skulen til bruk i temaet «Livsmestring og folkehelse». LINK har fokus på det som ligg bak elevane si åtferd og legg vekt på at det ikkje finnest vanskelige barn, men barn som har det vanskelig. Såleis er dette førebyggjande arbeid som skal gjere elevane betre i stand til å meistre livet. Materiellet viser korleis ein kan jobbe bredt med elevane frå 1 – 10 klasse. Materialet er gratis og det blir prøvd ut i Tysvær. I eit slik årshjul vil samarbeidspartnarar, til dømes skulehelsetenesta og SLT-koordinator, bli involvert som bidragsytarar gjennom året, slik at nødvendige tema blir dekkja.

Vurderingar av om MOT-programmet skal inkluderast i temaet livsmestring og folkehelse eller om skulane skal bruke andre verktøy i dette faget

Skal skulane halde fram med MOT-programmet og inngå partnerskap med MOT-organisasjonen om «Skolen som samfunnsbygger» og inkludere dette i temaet livsmestring og folkehelse, eller skal dei utvikle faget sjølv i samarbeid med samarbeidspartnarar og nettressursen LINK som er utvikla av RVTS? Fordelane med å halde fram med MOT programmet er summert opp i punkt.

- Kontinuitet i det førebyggjande arbeidet. - MOT fremmar livsmestring i skulen. - MOT jobbar for inkludering - Utdanning og bruk av unge motivatorar (positive rollemodellar) er ein ressurs både når det gjeld å skape eit godt skulemiljø og påverking av yngre ungdom. - MOT skapar robust ungdom som tar bevisste val. - Samanheng mellom mobbing – inkludering – tilhørighet – sjølvbilde – mistriivsel blir framheva i Ung Data 2019. MOT legg vekt på faktorar som beskyttar i sitt program. - MOT er populært i ungdomsmiljøet.



Fordelane med at skulane sjølv utviklar temaet livsmestring og folkehelse i samarbeid med aktuelle samarbeidspartnarar er oppsummert i punkt.

- Følgje opp overordna del i ny læreplan - Opplæringslova §9A har auka fokus på å jobbe systematisk med inkluderande og trygt skulemiljø. Skulane ynskjer å bruke tilgjengelege ressursar til å styrke dette arbeidet og prioritere å få eit system for å jobbe med å avdekke og førebygge krenkingar og mobbing. - Skulane vil ta utgangspunkt i nettressursen LINK utvikla av RVTS som ein del av årshjulet. Dette er ein gratis ressurs med veldig sær gode referansar - Skulane ynskjer ein plan som inkluderer alle skulane, ikkje bare ungdomsskulane. - I ny MOT-modell skal skulane sjølv gjera arbeidet med opplæringa av elevane. Skulen ynskjer heller å gjennomføra ein plan som famnar alle elevar frå 1.-10.tr, ikkje bare ungdomsskular som er målgruppa i MOT-programmet - Skulane er motiverte for å utvikle eiga form på arbeidet saman med lokale og eksterne støttespelarar som SLT-koordinator og politi

Det finnes gode argument for både å halde fram samarbeidet med MOT og å avslutte dette og ved hjelp av nettressursen LINK skape eit heilskapleg innhald i det tverrfaglige temaet livsmestring og folkehelse, i samarbeid med til dømes skulehelsetenesta og SLT-koordinator. Skulane er i gang med fagfornyng for å møte krav i den nye læreplanen. Skulane har i tillegg stort fokus og samarbeid med fylkesmann og utdanningsdirektoratet om å jobbe systematisk med inkluderande og trygt skulemiljø, og førebygging av mobbing. Fordelen med MOT er at ein har ein organisasjon som har ansvar for å lage programmet som skulen følger opp. Fordelen med at skulane utviklar temaet sjølv og inkluderer temaet i alle fag er at ein får større eigarskap til temaet i heile skuleorganisasjonen. Ein kan evaluere og tilpasse undervisninga under vegs.

#### Rådmannen sine merknader og tilråding

Rådmannen vurderer MOT-programmet som nyttig men ikkje naudsynt for å trygge eit godt skulemiljø. Programmet vil ikkje fullt ut kunne ivareta forventningane til det tverrfaglige temaet livsmestring og folkehelse slik dei nye læreplanane legg opp til dersom programmet ikkje blir integrert i alle fag og i alle klassesteg. Undersøkinga frå 2010 viser positiv effekt av programmet, sjølv om den generelle trivselen såg ut til å vere upåverka. Det er også kjent at det ein som leiar gir merksemd vil ha positiv effekt. Det er derfor viktig at rektorane ved skulane er engasjert i den nye læreplanen som skal innførast og i denne samanheng satsar mellom anna på livsmestring og folkehelse i skulen på ein måte som integrerer temaet i alle fag og alle klassesteg. Rådmannen ser også at rektorane både må ha eit eigarforhold til innsatsen på temaet og at dei må ha trua på at innsatsen fører fram. Når dei nye fagplanane ligg føre kan skulane sjå samanhengen mellom overordna del og fagplanane og ut frå dette lage eit felles årshjul for heile skuleløpet, med nettressursen LINK som ein del av årshjulet. Skulen skal saman med sine eksterne samarbeidspartnarar utarbeide ein årsplan som dekkjer alle nødvendige tema knytt til «Folkehelse og livsmestring». Her vil mellom anna SLT-koordinator og politi vere sentrale.

Rådmannen finn ikkje at MOT-programmet fullt ut ivaretar forventningane til det tverrfaglege temaet livsmestring og folkehelse den nye læreplanen legg opp til. Arbeidet med innføring av nye læreplanar for grunnskulen må bli sett i ein heilskap, der aktuelle samarbeidspartnarar bidrar for å sikre at overordna tema blir tverrfaglige. Rådmannen legg også til grunn det faktum at rektorane ved ungdomsskulane i kommunen ønsker å planlegge for temaet livsmestring og folkehelse utan å knytte det til MOT-programmet.

På bakgrunn av saksutgreiinga tilrår rådmannen at kommunen seier opp avtalen med MOT frå 01.01.2020.

## Vedlegg 2

Hei

Det har vært litt misforståelser i kommunikasjonen ang politiske representanter i SU. Jeg sender derfor ut en foreløpig melding, og så vil dere få nærmere beskjed etter hvert.

Det skal være to representanter fra eier i SU. Den ene skal være rektor. I Tysvær har vært vanlig at den andre eierrepresentanten er politisk oppnevnt. Det vurderes nå om denne praksisen skal fortsette eller om den andre representanten fra eiersiden skal være fra administrativ ledelse.

Tidligere har nytt levekårsutvalg valgt nye politiske representanter i sitt første møte i november. Men siden det ikke er «landet» hvordan dette skal være den neste 4-årsperioden ble det ikke lagt frem sak om det.

Det vil si at det pr d.d. ikke er en politisk representant og heller ikke en annen eierrepresentant (utenom rektor).

Tilbakemeldingen fra rådmannen er derfor at dere gjennomfører møte(r) i SU uten å innkalle den andre eierrepresentanten, og så kommer vi tilbake til hvordan det blir så snart som det er avklart. Lavekårsutvalget skal ha sitt neste møte 29. januar og målet er å få avklart det i god tid før det slik at vi evt legger frem sak til de dersom det skal oppnevnes politiske representanter.

Vennleg helsing

Liv Jorunn Frønsdal

**Leder Politisk sekretariat**

Tysvær kommune

Tlf. 52 75 70 55 | Mob. 90 94 88 91

E-post: [lifronsdal@tysver.kommune.no](mailto:lifronsdal@tysver.kommune.no)

